



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Suldal

Givarteneste kyrkja i Suldal



Frå felles tårnagenthelg i hausten 2017

Kva er givarteneste?

Givarteneste betyr å gjera avtale om å gi eit fast beløp over eit visst tidsrom. Regelmessig givarteneste kan gjera det lettare å planleggja

og satsa på ulike tiltak i kyrkja framover i tid. Givarteneste er også ein måte å bidra til fellesskapet på, og ein måte å støtta opp om kyrkjelyden. Husk at du kan få skattefrådrag på eit beløp på opptil 40.000 kroner årleg! Du kan velja om du vil gi til kyrkjeleg fellesråd eller til den lokale kyrkjelyden.

Kvifor gi til kyrkjeleg fellesråd?

Dekkjer ikkje stat og kommune utgiftene til den lokale kyrkja? Jo, staten dekkjer utgifter til prestar og til deler av trusopplæringsstillinga, medan kommunen mellom anna dekkjer utgifter til dei andre stillingane og til drift av kyrkjer og kyrkjekontor. Her i Suldal har me hatt to heile stillingar innan kyrkjelydsarbeid (diakon og kyrkjelydspedagog) og organist i 80 % stilling. Nå er det berre diakonstillinga som er i 100% sidan auken i overføringane frå kommunen har vore lågare enn lønnsauken. Suldal kyrkjelege fellesråd vil arbeida for å tilby fulle stillingar som organist, diakon og kyrkjelydspedagog. Det betyr mykje å ha 100% stillingar både for å rekruttera godt kvalifiserte medarbeidarar og for å behalda dei i stillingane. For å få dette til må me ha fast givarteneste. Auka ein stilling med 20% kostar om lag 140.000 kroner.

Lokalkyrkjelyden

Sokneråda sine inntekter er kyrkjeoffer og nokre gåver. Gjennom året er det få offer til kyrkjelydsarbeidet, slik at inntektene til sokna er låge, og i tillegg varierer offerinntektene i storleik. Viss du vil gi til kyrkjelyden din, er det soknerådet som disponerer pengane og bruker dei til det kristne arbeidet i soknet. Då støttar du mellom anna dåpsdagsgåver, konfirmantarbeid og blomehelsingar til åremålsdagar. Sokneråda kjøper også inn ein del utstyr til kyrkja slik som nye salmebøker, puter til benkene mm.

Korleis bli ein fast givar?

I denne brosjyren er det laga eit oppsett der du kan fylla ut kva du ønskjer å støtta, kor mykje du ønskjer å gi og om du vil ordna det sjølv i banken eller få tilsendt giro. Hugs at kyrkjekontoret treng personnummeret ditt dersom du ønskjer skattefrådrag. Vil du vera med i fast givarteneste kan du fylla ut skjemaet og levera/senda det til kyrkjekontoret. Har du spørsmål, er det berre å kontakta kyrkjekontoret tlf 52 79 02 00.

Takk for støtte!